

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 27.1.2022 kl.17:00-19:00 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Arild Øystese Hansen, Torfinn Slåtto, Else Karin Veslegard, Birger Bolstad, Anne Kjersti Frøyen, Wenche Smestad, Vigdis Moen Storhaug, Liv Margit Sørbøen

Opning: Vigdis - Kalendertanker

Saksnr.		Ansvar
1/22	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling, sakliste eller protokoll.	
2/22	Bladpengar kyrkjebladet Bladpengane er frivillig, men anbefalt beløp har det siste året vore kr 300,-. Soknerådet vil fortsetje med det same beløpet.	
3/22	Oppdatering tavle i våpenhuset Ål kyrkje Frank Vorhaug må førast inn på tavla over tidlegare sokneprestar i våpenhuset. Han hadde denne funksjonen i perioden 2015-2018. Perioden til Vigdis Moen Storhaug er frå 2009-2022 og blir ikkje delt i to oppføringar.	Kyrkjeverja
4/22	Evaluering av arbeidet i soknerådet Generelt god oppleving å vere i soknerådet, m.a. på grunn av god og strukturert leiing. Felles sokneråd har fungert godt og soknerådet meiner ikkje at det blir for mykje eller for lite fokus på Ål sokn. Det blir etterlyst at det skal skje meir i regi av kyrkja. Arbeidsutvalet fungerer bra.	
5/22	Årsmøte 2022 AU foreslår årsmøte den 22.mars. Dette blir eit felles møte for alle tre sokn. Saka om ei fast ordning med felles sokneråd eller evt ein ny periode med prøveordning bør opp i eit soknemøte seinare dette året. Soknerådet ynskjer å gjennomføre møtet i Misjonsheimen på Torpo kl 1800. Desse møtene kan gjerne gå på omgang i dei tre sokna. Rådet foreslår å bruke litt av årsmøtet til å bli betre kjent med den nye soknepresten. Det kan også gjerne bli gjeve litt informasjon om prosessen med ny kyrkjeordning. Marsipankaka som vart til overs 16.januar kjem til nytte denne dagen.	Soknerådet
6/22	Velkomst for den nye soknepresten, Geir Wiknes Den første gudstenesta hans er 20.februar i Ål kyrkje. Då bør me ha kyrkjekaffi – Anne Kjersti og Liv Margit ordnar dette (i staden for den 6.februar). Kan kjøpe kringle. Det et eit forslag om å intervjuje Geir med nokre få spørsmål for å bli litt kjent.	Anne Kjersti og Liv Margit
7/22	Kyrkjekaffi Det kan vere fint å gje anledning til å stoppe opp etter ei gudsteneste. Leveld og Torpo har ei ordning med kyrkjekaffi nesten kvar gong, i Leveld er dette ei enkel ordning med Twist. Det bør ikkje vere ein forventning om at alle soknerådsrepresentantar må stille med kake. Kyrkjebladet kan ha ein invitasjon om at dei som har lyst til å bake kan melde seg. Birger pratar med Elin og forhøyrer seg om nettsidene til kyrkja kan informere meir om innhaldet i kvar gudsteneste. På Misjonsdagen og Helgemesse er det meininga at misjonsrådet og diakoninemdene bidreg med kyrkjekaffi.	Birger
8/22	Meldingar Vigdis skal lage referat frå kvart av sampratane som vart gjennomført i januar.	Vigdis M S
9/22	Eventuelt a) Kjell Storhaug blir valt som revisor for rekneskapen til soknerådet. b) Leveld sokn har lagt ut eit beløp på kr 13.778,83 for fellesrådet som gjaldt Kafè Tid like før dei vart sjølvstendige. Soknerådet vil ikkje krevje attendebetaling av dette beløpet.	

- c) Soknerådet ynskjer å sete i gang ein prosess for å vurdere revisjon av diakoniplan og trusopplæringsplan i samarbeid med nemder, diakon og kyrkjelydspedagog. Me ynskjer ei arbeidsgruppe som består av diakonen, ein representant frå kvar diakoninemd og to frå soknerådet; Einar og Torfinn. Denne gruppa arbeider fram eit framlegg til endringar. Det må vurderast om dette framlegget skal til høyring i diakoninemdene før drøfting og vedtak i soknerådet.

**Diakon
Einar og Torfinn**

Kyrkjelydspedagogen blir utfordra til å arbeide med ein revisjon av trusopplæringsplanen i trusopplæringsutvalet. Dette framlegget skal leggast fram for soknerådet for drøfting og vedtak.

Kyrkjelydsped.

Neste møte: 2.mars kl 17:00

Referat: Torfinn Slåtto